



Vigleik Daae  
FENSFJORDVEGEN 1387  
5986 Hosteland

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/66 - 23/7806

Sakshandsamar:  
Jan Kvingedal  
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
12.09.2023

## Varsel om ulovleg tiltak - flytande naust

Viser til saka ang. søknad om etablering av flytande naust på gbnr. 6/68, avslag på dette og adm. **vedtak 055/2023** om krav om retting, varsel om dagmulkt. Vidare viser me til tilbakemelding frå deg om at det flytande naustet no var fjerna frå gbnr. 6/68.

Me er kjent med at naustet no er flytta ca. 500 m lenger sør. Me legg til grunn at du framleis eig det omtala naustet. Slik det ser ut for oss er det no plassert i stranda ved gbnr. 6/9. Kopi av dette brevet går til grunneigar her.

Slik me kan sjå er heller ikkje dette området naustet no ligg i regulert til nausteområdet. Det er heller ikkje omsøkt og er dermed eit ulovleg tiltak. Det må difor snarast sendast inn søknad om etablering av naustet der det ligg no eller det må fjernast frå denne eigedommen. Me gjer merksam på at på same måte som sist må det søkjast om dispensasjon frå planformålet i tillegg til søknad om etablering av naustet.

Det vert gjeve ein frist til 2. okt -23 til å senda inn fullstendig søknad til etablering av naustet eller det må vera fjerna innan same fristen. Om det ikkje vil kommunen kunna gjera bruk av tvangsmulkt.

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
12.1.1	Avdekking av ulovleg tiltak	1	2.700,-
	Totalt gebyr å betala		

### Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Kopi til:**

Gjert Rune Daae

Fensfjordvegen 5986  
1385

Hosteland

**Mottakarar:**

Vigleik Daae

FENSFJORDVEGEN 5986  
1387

Hosteland